



BREIDDEREGLEMENT



FOR

- **barnefotball**
- **ungdomsfotball**
- **vaksenfotball**
- **old boys/old girls**

**Sogn og Fjordane Fotballkrets
Breddekomiteen
Mars 2009**

INNLEIING

Dette reglementet er utarbeida med grunnlag i intensjonar frå Forbundstinget i Tromsø (1996). Vidare har NFF sin årlege breiddekonferanse og kretsen sine erfaringar vore medverkande til utforminga.

Vi gjer dykk merksam på at NFF sin aktivitet er regulert i hefte Lov og reglement/spelereglar. Breiddereglementet er såleis ikkje formelle retningslinjer, men dei reglane som gjeld særskilt Sogn og Fjordane, og som dermed avvik frå NFF sitt lov og reglement:

Breiddereglementet bygger på breiddefotballen sin idé- og verdigrunnlag, handlingsmål og verkemiddel. Vi trur at eige breiddereglement vil føre til:

- eit betre og meir variert fotballtilbod
- aktivitet tilpassa lokale føresetnader, ønskje og behov
- å gjere det mogeleg for fleire å delta «her og no»
- at fotball i endå større grad blir interessant som spontanidrett/-aktivitet
- at fleire finn seg tilrette og trivst i og med fotballen
- at vi vil rekruttere fleire, og halde på fleire over lengre tid
- at prinsippa om "Fair Play" vert etterlevd

Heftet inneheld:

- lokale tilpassingar: særordningar/-reglement innan vår krets
- diverse informasjon

Sogn og Fjordane Fotballkrets ønskjer tilbakemelding frå brukarar av heftet i høve erfaringar, og korleis ein kan lage eit betre produkt neste gong.

LOKALE TILPASSINGAR

Innanfor ramma av Breiddereglementet er det høve for den einskilde krets å lage lokale tilpassingar til fotballen sitt beste. SFFK har prøvt å vere fleksible i høve moment som reiseavstandar, busetnadsmønster, klubb samarbeid m.m.

Breiddekomiteèn ønskjer å presisere at dette er lokale tilpassingar som KAN nyttast i Sogn og Fjordane utan at ein går på akkord med NFF sine spelereglar.

SPELETID OG KOMMENTARAR

Old boys og old girls:	2 x 30 min
Gute- og jentelag:	enkeltkampar 2 x 40 min.
Smågute- og småjentelag:	enkeltkampar 2 x 35 min.
Lillegute- og lillejentelag:	enkeltkampar 2 x 30 min.
Miniputtlag:	enkeltkampar 2 x 20 min.
Andre lag:	kretsen fastset speletid.

I klassane lillegut, lillejente og miniputt kan laga bli samde om kortare speletid. For gutar/jenter 12 år anbefalar SFFK ei speletid på 2 x 25 min. pr. kamp. I aldersfastlagde klassar kan same lag avvikle to kampar på ein dag ved å gå ned på speletida. Speletida pr. kamp kan likevel ikkje vere mindre enn 2 x 20 min. I ordinære aldersfastlagde kampar kan ein bli samde om inntil 5 min. kortare speletid pr. omgang dersom ytre omstende (t.d. ferjetider) tilseie dette. **NB! Det er frå 2004 høve til å spele for fleire lag på same dag. Det er opp til klubben å syte for at ordninga ikkje blir misbrukt og at det oppstår for stor slitasje på spelaren.**

KAMPFESTSETTING OG GJENNOMFØRING

I alle alderfastlagde klassar utanom minigut/jente og lillegut/jente:

Om to 7-ar lag møtes, og dei har mange nok spelarar KAN dei, om dei har avtalt på førehand og om tilhøva praktisk ligg til rette for det, spela med fleire spelarar. Til dømes 8, 9, 10 eller 11-ar fotball utan at det får innverknad på serien for øvrig. Dette for at flest mogleg spelarar skal kunne få spele.

INNBYTARAR/ALDERSREGLAR

1. Aldersfastlagde klasser

7- innbytarar. Spelarar som er bytta ut, kan settast inn igjen.

2. Senior herrar 3. – 5. div.

4 innbytarar + keeper. Spelarar som er bytta ut, kan ikkje settast inn igjen.

3. Senior herrar 6. div.

7- innbytarar. Spelarar som er bytta ut, kan settast inn igjen.

4. Damer 3. og 4. div.

7- innbytarar. Spelarar som er bytta ut, kan settast inn igjen.

5. Old-boys

Ein kan nytte ein spelar pr. kamp som er under 33 år ved kalenderårets start, men som må vere fylt 30 år ved kalenderårets start (fødd før 1/1-74). Elles 7- innbytarar. Spelarar som er bytta ut, kan settast inn igjen.

OVERFLYTTING AV SPELARAR I ALDERSFASTLAGDE KLASSAR

For lag i same klasse er det kun lov å flytte over 3 spelarar på 11-ar lag og 2 spelarar på 7-ar lag av dei som har **deltatt** på det andre laget i forrige kamp. Når namnet står på dommarkortet vert spelaren rekna som deltakande på kampen. Regelen gjeld ikkje når ein flyttar spelarar opp på høgare nivå. (T.d. frå 2. divisjon til 1. divisjon)

SAMARBEIDSLAG

1. For alle klassar kan SFFK godkjenne at to eller fleire klubbar deltek med samarbeidslag. Slik søknad må vere underteikna av dei involverte klubbar og føreligge innan frist bestemt av SFFK.
2. Gjennom søknaden må det godtgjerast at samarbeidet er nødvendig for å gje eit sportsleg forsvarleg tilbod i den aktuelle klasse.
3. Av søknaden må det gå fram kven av dei samarbeidande klubbane som skal vere ansvarleg for laget i høve til NFF sitt lov og reglement. Likeeins må det vere klart kven av dei samarbeidande klubbane som skal oppretthalde rettane i seriesystemet dersom samarbeidet blir avslutta.
4. Samarbeidslag lag har dei same rettane som reine lag når det gjeld opp/-nedrykk og meisterskap. Unntaket er i Gutar 15/16 og Jenter 15/16 der samarbeidslag ikkje kan spele i 1. divisjon.
5. Spelarar som deltek på samansette lag, kan samstundes spele på sine respektive klubbar sine lag i andre klassar.

INDELING I ALDERSKLASSANE

NFFs konkurransar er inndelt i følgende aldersklassar, med desse speletider og krav til alder for deltaking:

Senior: 2 x 45 minuttar spilletid. Spelarar må ha fylt 15 år ved årets begynnelse.

Old-boys: 2 x 30 minuttar spilletid. Spelarar må ha fylt 33 år ved årets begynnelse.

Old-girls: 2 x 30 minuttar spilletid. Spelarar må ha fylt 28 år ved årets begynnelse.

Junior menn/ Junior kvinner: 2 x 45 minuttar spilletid. Spelarar må være under 19 år, men ha fylt 14 år, ved årets begynnelse.

Gutt/jente: 2 x 40 minuttar speletid. Spelarar må være under 16 år, men ha fylt 12 år, ved årets begynnelse.

Smågutt/småjente: 2 x 35 minuttar speletid. Spelarar må være under 14 år, men ha fylt 10 år ved årets begynnelse.

Lillegutt/lillejente: 2 x 30 minuttar speletid. Spelarar må være under 12 år, men ha fylt 10 år ved årets begynnelse.

Minigutt/minijente: 2 x 25 minuttar speletid. Spelarar må være under 10 år ved årets begynnelse.

Skulelag: Spilletid og krav til alder fastsettes i den enkelte turnering.

Øvrige lag: Arrangerer kretsane konkurransar for andre lag, fastsetter kretsane sjølv speletida og krav til alder.

Seriespillet innanfor den enkelte aldersklasse kan inndelast i forskjellige divisjonar med opp- og nedrykk mellom sesongar. På krets nivå kan aldersklasser også deles inn i sideordna avdelingar.

Kvinner kan delta på lag for menn i samtlige klasser. I Old-boysklassa må deltakande kvinner ha fylt 28 år ved årets begynnelse.

SÆRREGLAR FOR YNGRE KLASSER

I smågute-, småjente-, lillegutt-, lillejente-, miniputt- og kampar kan ballen ved utspel frå mål og ved frispark tildelt det forsvarande lag innanfor straffesparkfeltet spelast til målvakta, som deretter ikkje kan bruke meir enn 6 sekunder når han kontrollerar ballen med hendene før han frigjer den for spel (jfr speleregel 12). Motspelarar må vere utanfor straffesparkfeltet, og ballen er ikkje i spel før den er kommen utanfor dette. I desse klassane bør dommarene gje keeper munnleg beskjed dersom regelen ikkje vert overholdt, deretter evt. advarsel. Sidan ballen ikkje er i spel før den er utanfor straffefeltet, kan det ikkje dømmast indirekte frispark til motstandar.

REGLAR FOR KLASSEINDELING I LILLEGUTT

- 12 - ÅRS KLASSA (1996)**
Serie for 11-12 åringar. I tillegg kan inn til 4 spelarar under 10 år, men over 8 år ved kalendarårets start delta.
- 11 - ÅRS KLASSA (1997)**
Serie for 11-åringar. I tillegg kan inn til 4 spelarar under 10 år, men over 8 år ved kalendarårets start delta.

3. SAMANSETTE LAG/BYGDELAG

For klubbar som kun kan stille eit lag, eventuelt klubbar som stiller bygdelag, må desse kriteriane følgast:

- Dersom meir enn to av spelarane er 12 år, skal laget meldast på i eldste klasse. Sjå retningslinene under pkt. 2.
- Dersom laget melder på i 11-års klassa kan ein på samansette lag/bygdelag ikkje nytte meir enn to 12-åringar i kvar kamp. Sjå elles punkt. 1. Definisjonen på eit samansett lag er at klubben kun stiller eit lag i lillegutklassa. Definisjonen på eit bygdelag er at ein klubb deler laga i mindre geografiske områder og stiller lag ut frå dette. (Dette som eit alternativ til å samle alle spelarane og dele dei i 11- og 12-års klasse)

4. Jenter kan delta på lik line.

HUGS!

Reglane som er sett opp skal vere til hjelp for leiarar og trenarar som er med i desse årsklassane. Det er viktig å vise skjønn. Det er nemleg uråd å skape reglar som sikrar mot misbruk. Hugs då at 7-ar fotball skal vere leik og moro, og at alle må bidra til dette. Vi ber difor om at de hjelper oss med å skape ei fin ramme kring 7-ar fotballen.

FELLESVEDTEKTER

Breiddefotballen skal være inkluderande og gje tilbod til alle og einkvar. Vår utfordring er å tilpasse spelarane sin alder, dugleik, ambisjonar, rase, religion og kjønn, og inkludere dette i eit godt sosialt miljø samansett av spelarar, dommarar, leiarar, trenarar, foreldre og resten av støtteapparatet. Fotballaktiviteten må drivast ut frå at fotballdeltaking har ein eigenverdi.

Det er SFFK sitt overordna mål å sette spelaren i sentrum for si verksemd. Dette betyr mellom anna at sentrale mål og verkemiddel må være knyta til:

- å rekruttere fleire aktive på alle plan
- å halde fleire aktive i organisasjonen over lengre tid
- å utvikle den fotballmessige dugleiken individuelt og lagmessig
- å utvikle positive haldningar og Fair Play

BARNEFOTBALL

Hovudmålet for barnefotball er å gje alle eit tilbod, slik at spelarane opplever trivsel, glede og meistring i trening og kamp. Spelarane skal få høve til å lære fotballspelet sin heilskap og utvikle individuell og sosial dugleik.

I arbeidet med barnefotballen skal ein legge vekt på:

- skape interesse for spelet og lagsmiljøet, i staden for fokus på rangering og utveljing
- oppleving «der og då» i staden for systematisk arbeid mot langsiktige mål
- unngå prestasjonspress og elitetenking
- ikkje krevje meir dugleik enn det som kan forlangast av den aktuelle aldersgruppa
- å stille reine minijente-lag på miniputt-turneringane
- topping av lag **skal ikkje** førekomme, alle stiller likt i utgangspunktet og likskap skal vere eit mål.
- barnefotball skal spelast i nærmiljøet
- oppmuntre til, og akseptere at barn driv allsidig
- at det er ein innlæringsperiode, og at det skjer med lystprega fotballaktivitet
- intensjonane om Fair Play

UNGDOMSFOTBALL

Hovudmålet for ungdomsfotball er å gje eit variert tilbod som gjev spelarane høve til å velje ut frå ulike ambisjonsnivå. Aktiviteten må tilretteleggast slik at den dannar grunnlag for langvarig deltaking og framtidige prestasjonar. Læring må komme før krav om prestasjonar. Ungdommen må få medverknad til å utforme aktiviteten. På den måten vil ein få trening i å ta ansvar for seg sjølv og andre.

I arbeidet med ungdomsfotballen skal ein legge vekt på:

- gje differensierte tilbod ut frå ungdommane sine egne ønskje
- lære ungdom å bli sjølvstendige idrettsutøvarar - med vekt på medavgjerdsle
- lære ungdom at prestasjon kjem som eit resultat av læring og innsats over tid
- gje høve til å kombinere fotball med andre aktivitetar, andre idrettar, skule o.l.
- at jentene får utvikle sin eigen fotballkultur
- tilbod primært ut frå motivasjonsomsyn
- Fair Play

For ungdomsfotballen er det også eit hovudmål :

- å legge tilhøva til rette slik at unge spelarar får fotballfagleg og miljømessig påverknad som gjer at dei trivst med fotballen.
- å legge tilhøva til rette for unge spelarar med særlige føresetnader, dugleik, innstilling og vilje, slik at dei over tid kan utvikle sitt potensiale til beste for norsk fotball.

